

INNHALD

Eit fjordlandskap	7
Naturen frå fjord til fjell	9
Tidlege spor etter folk	15
Vegar til Hardanger	21
Fjorden og båten	29
Dei eldste bygningane	35
Kulturen og kunsten	47
Frukt og industri	57
Reisemålet Hardanger	65
Verna natur	73
Ferdaminne frå Hardanger	79
Tusen fossar, tusen fjell	87
Kommunane i Hardanger	89

Fotografi: Magnar J. Fiksen s. 4, 11, 16, 24, 26, 31, 34, 36, 42, 44, 51, 56, 58, 76, 86, 95, Trond Tandberg s. 6, 93, 94 Terje Rakke s. 28, 78, Svein Ulvund s. 8, 74, Inge Aarseth, Haakon Fossen og Eva Bjørseth s.10, Arvid Aga s. 12, 18, 40, 49, 62, 66, 88, 90, 91, Knut Andreas Bergsvik s. 14, 15, Robin Strand s. 20, 21, 22, 37, 39, 55, 60, 64, 80, 92, Willy Haraldsen s. 23, Anders P. Wallevik s. 29, 30, 35, 46, 69, 82, Bjørn Kjetil Hansen s. 32, Trond J. Hansen s. 33, Bergen Museum s. 38, Jacques Lathion, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design s. 49, Bernt Martin Schrøder s. 50, Bodil Cappelen s. 52, Reisemål Hardangerfjord s. 68, Arne Fykse s. 70, Mari Laupsa s. 71, Jan Rabben s. 72, Hardanger Folkemuseum s. 84, Reinhold Kager s. 85

Omslagsfoto: Robin Strand (front)
Magnar J. Fiksen (a), Mari Laupsa (b), Magnar J. Fiksen (c)

Grafisk formgjeving: Silje Nes/Arne Barlinthaug Ellingsen
Trykk: Kaunas

© SKALD AS 2007

Tlf. 57 65 41 55
e-post: forlag@skald.no
www.skald.no

ISBN 978-82-7959-099-6 (norsk utgåve)
ISBN 978-82-7959-097-2 (English edition)
ISBN 978-82-7959-105-4 (Deutsche Ausgabe)



EIT FJORDLANDSKAP

Hardanger femner om meir enn 6 300 kvadratkilometer og har vel 23 500 innbyggjarar. Regionen omfattar kommunane Kvam, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda og Jondal. Folket bur i små grender og litt større bygder langs fjorden. Odda, inst i Sørfjorden, er einaste tettstaden med bystatus. Hardanger vert rekna som Noregs frukthage med Ullensvang som viktigaste fruktkommunen i landet.

Hardangerfjorden er 179 kilometer lang, nest lengste fjorden i Noreg og den tredje lengste i verda. Dei bratte liene gjer avstanden kort frå fruktbart fjordlandskap til fjell. Hardangervidda aust for fjorden er den største høgfjellsletta i Nord-Europa. På andre sida av fjorden, berre nokre kilometer unna i luftlinje, ligg Folgefonna kvelva over fjella og er synleg frå store deler av Hardanger. Langs fjellsidene og i dalane ned til fjorden renn ville elvar med fleire av dei vakraste fossane i landet.

Folket som bur langs fjorden, hardingane, har vore medvitne på å verna om røtene og kulturarven sin. Hardanger vart for alvor oppdaga av norske kunstnarar på 1800-talet. Dei vart inspirerte av viktige nasjonalromantiske element som naturen, minne frå eldre tider og bondekulturen.

Dei siste 100 åra er fleire vassdrag utbygde og kraftkrevjande industri har vore og er ein viktig næringsveg i Hardanger. Dei største industristadene er Tyssedal og Odda i Odda kommune og Ålvik i Kvam herad.

Den storslåtte naturen gjer Hardanger til eit av dei mest varierte landskapa i Europa. Det er såleis gode grunnar for at prestisjetunge National Geographic Society i 2004 peika ut fjordane som det beste naturbaserte reisemålet i verda. Ordet «fjord» er eit av våre bidrag til den internasjonale ords-katten.



FJORDEN OG BÅTEN

Mellom gardar og grender i Hardanger og når folk ei hende gong drog vidare ut i verda, til dømes til Bergen, var fjorden den viktigaste ferdselsvegen til langt ut på 1900-talet. Dei fyrste hardingane tok seg fram langs strendene med primitive farkostar. Alt før vår tidsrekning tok til, reknar me med at det vart bygt båtar som er svært like dei færingane me kjenner frå vår tid. Vikingskipa viser også at det var dugande båtbyggjarar for meir enn 1000 år sidan. Frå 1400-talet vart det bygd båtar for sal. Særleg i ytre deler av fjorden var det skog med god båtbyggjarmaterial. Både båtar og material vart eksportert og nådde ein stor marknad via skotske handelsmenn.

Dei store sildefiskeria på Vestlandskysten frå byrjinga av 1800-talet vart ei viktig næring også for hardingane. Dei bygde seg jekter på 35–50 fot og tok del i fiske og frakt av saltfisk. Fartøya vart også brukte til å frakta bondevarer til Bergen og handelsvarer heim att. På det meste var det registrert over 250 jakter i Hardanger. Frå 1850 gjekk det tilbake med dei nære sildefiskeria.



Før det kom motorbåtar og seinare vegar langs fjorden, hadde kvar grend kyrkjebåtar. Det var ofte tiæringar som kunne både roast og seglast.



KULTUREN OG KUNSTEN

«Hardanger er bekjent for fruktavl og båtbyggeri. Innbyggerne i Hardanger, hardingene, har bevart meget av sine gamle seder og skikker. Kvinnene går i den gamle drakt; hardangersømmen er bekjent. Hardingene er i alminnelighet store, blonde langskaller; i fjellbygden Røldal og i Eidfjord er folk mørkere og kortskaller. Utover i fjorden skifter typen plutselig mellom Jondal i Hardanger og Kvinnherad i Sunnhordland, hvor der er kortskaller.»

Slik vart særtrekka ved Hardanger og hardingane framstilte i Gyldendals konversasjonsleksikon frå 1933. Framstillinga viser langt på veg hardingen som det reinskorne uttrykket for «det norske», slik mange forsto det på den tida.

Andre skildringar av hardingen har til dømes forfattaren Jens Tvedt frå Kvinnherad i 1914: «Hardingen er sterk i sine kjenslor og klaartenkt, men ikkje alltid raadsnar, for paa botnen i han ligg det gjerne ein draumefloke som drabbar. Sjølvgod er han kan henda meir en godt gjerer, og vår om si æra som han er, vil han heldst vera den fyrste. Hev han eingong fyr aalvor sett seg eitkvart fyre, so eig han ein vilje som fyrr brest enn bognar».

☞ *Hardingen vart sett på som eit uttrykk for det norske. Bryllaupsbilete av Brita og Kristen O. Djonne i Kinsarvik, 1912.*



REISEMÅLET HARDANGER

Medan tusenvis av reisande i dag kjem til Hardanger, var det få ferdefolk i fyrste halvdel av 1800-talet. For kring 250 år sidan var skyssvesenet det einaste landsomfattande samferdselssystemet i landet. Med jamne mellomrom vart det oppretta skyssstasjonar der dei få reisande kunne skifta mannskap og båt. På desse stasjonane var det også høve til overnatting, me fekk gjestgjevarstader.

I dag kan me sjå Herandsholmen med dei gamle husa som var gjestgjevarstad frå 1750. Staden mista sin funksjon då det kom kai og dampskipsstoppestad i sjølve Herand. På Utne kryssar dagens riksveg eit sentralt punkt i det gamle skyssystemet. Det vakre, kvite Utne hotell, tidlegare gjestgjevarstad, har teke mot ferdefolk i snart 300 år, og er eit av dei eldste hotella i landet.

I perioden 1829 til 1850 står berre 51 personar innskrivne i «Dagbogen for Skydsstationen» på Utne. Av desse var 21 embetsmenn, 10 var engelske turistar og 20 var sivile nordmenn på reise i Hardanger.

Turistferdsle av noko omfang vart det fyrst då det kom rutegåande dampskip. I 1853 opna ruta mellom Hamburg og Bergen. Frå 1861 kunne turistar og andre ferdefolk ta «dampen» vidare innover fjorden. I 1890 vart englandsruta mellom Newcastle og Bergen opna. Samstundes vart køyrevegen mellom Odda og Telemark teken i bruk. På få år vart Odda eit av midtpunkta for reiselivet på Vestlandet. Hotel Hardanger i Odda var ein av dei største trebygningane i landet, oppført i 1887 og rive i 1977. Då var det lenge sidan det hadde vore hotell.

Sørfjorden.



HARDANGERMAT OG GARDSTURISME

Bøndene og andre som bur på bygda i Hardanger ser seg om etter nye måtar å skaffa seg inntekt. I landbrukspolitikken vert dei oppmoda om å ta vare på kulturlandskapet. Det krev at bruka er i drift. På 2000-talet vert det satsa på foredling av eigne produkt, som vert selt direkte frå produksjonsstaden eller gardsbutikkar. Fleire stader finst det utsal for slik lokalprodusert mat.

Folk som kjem og vil oppleva det ekte Hardanger kan ta inn på gardsbruk eller andre husrom i grendene. I Hardanger er det lange tradisjonar for å turka, salta og røykja kjøt og fisk slik at desse viktige matvarene kunne lagrast til bruk heile året. Brødmaten var flatbrød som vart baka to gonger i året, også for å lagrast.

Lenge var det vanskeleg for tilreisande å få smaka tradisjonskost utanom rømmegraut og spekemat.

Etter 2000 har over 20 serveringsstader, frå dei største hotella til mindre kafear, komponert sine eigne Hardangermenyar som baserer seg på lokale råvarer. Om lag like mange produsentar dyrkar og lagar til råvarene som vert brukte. Slagordet er: Smaken av fruktbare Hardanger.

Ulike sider ved fruktdyrkinga og matkulturen i Hardanger vert vist under Morellfestivalen på Lofthus i slutten av august, frukt- og siderdestivalen i Øystese i byrjinga av oktober og Hardanger Matfestival i Eidfjord seinare på haust.





VERNA NATUR

Nasjonalparken på Hardangervidda er 3422 kvadratkilometer, om lag halvparten høyrer til Odda, Ullensvang og Eidfjord og ligg mellom riksvegane over vidda. Eit stort område kring Hardangerjøkulen er landskapsvernområde. Vidda vart verna i 1981 fordi det er eit særleg verdifullt høgfjellsområde. Her streifar om lag 10 000 villrein. Det er den største villreinstamma i Europa.

Noreg har eit internasjonalt ansvar for villreinen som er avhengig av store urørte vidder der det er mogeleg å finna mat heile året. Vinterbeita er på austvidda der det er mest lav og minst snø. Kvar vår trekker reinflokkane vestover. Tidleg i mai kalvar simlene på sør- og vestre delen av vidda. Her er det gode vår- og sommarbeite. Etter brunsten om hausten trekker dyra attende til dei forblåste lavheiene i aust. Dei viktigaste trugsmåla mot villreinen er utbygging og annan menneskeleg aktivitet.

Hardangervidda er eit eldorado for fjellvandrar. Området er kjent for sine fiskerike vatn og vassdrag med fin fjellaure. Det finst eit nett med merka stiar og turisthytter, både med og utan betening.

I Øvre Eidfjord ligg Hardangervidda Natursenter med stor Hardangerviddautstilling og supervideoGRAF laga av Ivo Caprino.

Hårteigen på Hardangervidda.



FERDAMINNE FRÅ HARDANGER

Hardingfela er ei særnorsk fele med opphav i Hardanger. Hardingfela skil seg frå andre feler ved at ho har to sett strengjer; fire over- og inntil fire understrengjer. Den eldste fele me veit om, er bygd av Ola Jonsson Jaastad frå Ullensvang i 1651. Musikkinstrumentet vart utvikla vidare gjennom dei dugande felemakarane på Botnen, inst i Fykkesundet. Isak Nilsson Botnen bygde feler frå slutten av 1600-talet og sonen Trond Isaksson Flatabø tok opp arven og heldt på til ut i siste halvdel av 1700-talet. Dei stod for ein stor produksjon av hardingfeler. Det er sagt at Trond laga meir enn 1000 feler. Instrumenta vart selde på marknadane i Lærdal og Kongsberg og slik vart hardingfela spreidd. I dag finst det att nokre ti-tals Isak- og Trondafeler.

I løpet av 1700-talet var hardingfela teke i bruk over heile Vestlandet og bygdene aust for Hardangervidda. Sidan har tradisjonen vore ubroten. Ofte slo fleire spelemenn seg i lag når dei spela til dans i bryllaup og andre festlege lag. Hardingfelene skil seg frå vanlege flatfeler ved at dei ofte er rikt dekorerte med perlemor, roseteikningar og utskjeringar.

Kjende komponistar og utøvande musikarar som Edvard Grieg, Ole Bull og Geirr Tveitt henta mykje inspirasjon frå dugande hardingfelespelarar. I frilynte ungdomslag og spelemannslag vart slåttane utvikla og ført vidare til nye utøvarar.

Dei siste åra har tradisjonen også vorte teke vare på gjennom kom-



Jonsokbryllaup i Eidfjord.

munale musikk- og kulturskular og eigne fylkesmusikarar. I Hardanger har Knut Hamre frå Folkedal i Granvin vore leiande både som utøvande spelemann og lærar. Sidan 1975 har han delteke på festivalar og konsertar over heile verda. I samarbeid med Benedicte Maurseth har han spela inn CDen «Rosa i Botnen» med dei eldste hardingfelene som finst.

BUNADEN

Den bunaden som er i bruk i dag er festbunad, i motsetnad til dei tradisjonsrike kleda som var i dagleg bruk i tidlegare tider, både til kvardags og fest.

Kvinnebunaden har vore i samanhengjande bruk, men endra seg fram gjennom hundreåra. Ein bunad i dag er ikkje den same som for 100–200 år sidan, då han var meir variert og ulik frå bygd til bygd.